

ÅRSPLAN SEIM BARNEHAGE 2017/2018



VISJON: -Å GJERE KVARANDRE GODE -

INNHALD:

⇨	Kort om Seim barnehage	s. 3
⇨	Seim barnehage sitt planverk		s. 4
⇨	Omsorg, leik og læring	s. 5
⇨	Dette tilbyr vi og dette forventar vi		s. 6
⇨	Barn sin medverknad	s. 7
⇨	Foreldremedverknad		s. 8
⇨	Barnehagen sitt satsingsområde		s. 9
	- DUÅ (De utrolige årene)	s. 9
	- Språk		s. 10
⇨	Rammeplanen sine 7 fagområder		s. 11
⇨	Progresjonsplan for rammeplanen sine 7 fagområder	s. 12
	- Kommunikasjon, språk og tekst		s. 13
	- Kropp, rørsle, mat og helse	s. 14
	- Kunst, kultur og kreativitet		s. 15
	- Natur, miljø og teknologi	s. 16
	- Etikk, religion og filosofi		s. 18
	- Nærmiljø og teknologi	s. 20
	- Tal, rom og form		s. 21
⇨	Dokumentasjon		s.22
⇨	Vurdering	s.23
⇨	Overgang barnehage-skule		s.25
⇨	God helse og sunt kosthald	s.26
⇨	Tradisjonar I Seim barnehage	s.27
⇨	Kjekt å vite som forelder		s.29

KORT OM SEIM BARNEHAGE:

⇒ **Privat barnehage på Seim - opna august 2008, bestod tidlegare av Seim korttidsbarnehagen og Sprøkland familiebarnehage. Januar 2011 flytta vi inn i nytt bygg.**

⇒ **Seim barnehage er ein 5-avdelingsbarnehage. Ei av avdelingane leiger vi lokale til i "Strilatun".**

⇒ **5 avdelingar :**
 - Alvane 1-2 år
 - Vettene 2-3 år
 - Hugin 3-4 år
 - Munin 3-4 år
 - Strilatun 5-årsgruppe (lokaler i grendahuset Strilatun)

⇒ **Opningstid: kl 07.00-16.30**
 Kjernetid frå kl 09.30-14.30
 (ring eller send sms før 09.00 om barnet ikkje kjem i bhg.)

⇒ **Dagsrytme (ca-tider):**
 kl 07.00 Barnehagen opnar/roleg leik
 kl 07.30-08.30/8.45 Frukost (smørjemåltid)
 kl 09.30 Alle barn bør vere komne
 kl 11.00/11.30 Lunsj (smøremåltid)
 kl 14.00/14.30 Fruktmåltid
 kl 16.30 Barnehagen stengjer

Leik inne/ute gjennomsyrrar heile dagen.
 Alle avdelingar er stort sett ute minimum 1 gong pr dg.
 Samling /aktivitetar og tur som einssilde avd har fast, kjem i tillegg, men varierer frå avd. til avd.

⇒ **Styrar :** Janka Vie Seljeseth 100% stilling
Økonomi/lønn: Linda Skår 80 % stilling
 HMS m.m

⇒ **5 planleggingsdagar i året.** Då er barnehagen stengt.

⇒ **Sommaropen barnehage:**
 Alle barn må ta ut 4 veker ferie i løpet av året -
 3 av dei samanhengande i perioden skuleslutt til skulestart.

⇒ **Prisar:**
 Sjå barnehagen si heimeside.
 Juli er betalingsfri mnd (for 4 veker ferie)

⇒ **Kjøp av einssildagar:**
 Kan vere mogeleg dersom avdelinga har færre barn
 Må avklarast med pedagogisk leiar på avdelinga.
 Pris : kr 250,- pr dg.

⇒ **Telefonnummer** : 96 90 46 72 : Kontoret
 47 71 49 40 : Strilatun
 90 40 07 62 : Alvane
 90 40 04 28 : Munin
 95 89 80 89 : Vettene
 47 68 29 20 : Hugin

⇒ **Heimeside** : www.seim.barnehage.no

⇒ **E-post** : styrar@seimbarnehage.no

SEIM BARNEHAGE SITT PLANVERK:

1. ÅRSPLAN :

Gjeld frå 01.10.17 - 30.09.18

Årsplanen tek utgangspunkt i Barnehagelova og Rammeplan for barnehagen.

- ⇒ Den er eit arbeidsreiskap for personalet
- ⇒ Den skal gje informasjon om det pedagogiske arbeidet
- ⇒ Vere grunnlag for dialog og medverknad frå foreldre og eigar

Årsplanen skal godkjennast av barnehagen sitt samarbeidsutval. Årsplanen vert lagt ut på barnehagen si heimeside.

2. PROGRESJONSPLAN :

- ⇒ Som ein del av årsplanen, har barnehagen ein progresjonsplan for dei 7 fagområda i "Rammeplanen for barnehagen"
- ⇒ Gjev ein oversikt over dei ulike utviklingsmåla barnehagen ynskjer at barna skal strekkje seg mot innanfor dei ulike aldersgruppene.
- ⇒ Skal bidra til at barna gjennom barnehagetida si, får stadig nye utfordringar og opplevingar, samstundes som noko gjentek seg

3. PERIODEPLANAR:

- ⇒ Avdelingane utarbeidar periodeplanar, som er eit internt arbeidsdokument for dei sjølve
- ⇒ Der lagar dei seg målsettingar, tiltak for å nå måla og grunnleggjend val dei har gjort.
- ⇒ Planen skal også vise kva fagområder dei er innom gjennom arbeidet med dei ulike aktivitetane for perioden og synleggjere evt DUÅ moment som er jobba med
- ⇒ Gjennom perioden skal aktivitetane evaluerast.

4. MÅNADSPLANAR :

- ⇒ Avdelingane utarbeider egne månadsplanar på bakgrunn av årsplan/progresjonsplan/periodeplan
- ⇒ Viser aktivitetane til avd kvar måned
- ⇒ Nokon aktivitetar vil gå i ein fast turnus frå mnd til mnd, medan andre berre vil vere i ein avgrensa periode
- ⇒ Det vil også vere aktivitetar som skjer "her-og-no" og som ikkje kjem fram i desse planane.

Månadsplanane vert lagt ut på heimesida til barnehagen kvar måned. NB! Foreldra må logge seg på med passord, for å få tilgang til desse. Har du ikkje fått passord, ordnar adm. dette.

[O M S O R G , L E I K O G L Æ R I N G]

SEIM BARNEHAGE SINE GRUNNLEGGJANDE VERDIAR:

<p>BARN : I Seim barnehage meiner vi at alle barn:</p> <ul style="list-style-type: none"> • er like mykje verd uansett funksjon, bakgrunn, kjønn og nasjonalitet • har evner og ferdigheter som dei skal få nytte og utvikle • lærer <u>av</u> andre og lærer <u>vekk</u> til andre • treng å <u>få</u> og <u>gje</u> varme og omsorg • treng å oppleve fellesskap med andre barn • kan og vil - dersom vi slepp dei til..... 	<p>OPPSEDING: I Seim barnehage skal dei vaksne :</p> <ul style="list-style-type: none"> • vere gode rollemodellar • vere trygge vaksne • verte kjent med barnet • bygge på barnets sterke sider og samstundes kunne utfordre barnet til å "tore" å utvikle seg på det som det ikkje er så trygg på • la barnet føle meistring • ha fokus på det positive! 	<p>OMSORG: Tryggleik er ein føresetnad for at barna skal utvikle seg, lære og trivast i barnehagen</p> <p>I Seim barnehage skal alle barn</p> <ul style="list-style-type: none"> • bli rørt ved og lytta til kvar dag • få dekkja sine primærbehov (mat/drikke, søvn, bleier) • møte vaksne som har TID • møte vaksne som ser deira ulike kjensler og behov • møte tydelege vaksne som set klare grenser i kvardagen • møte blide og oppmerksame vaksne som ser det "gode" i dei og gjev positive tilbakemeldingar 	<p>LEIK: Leik er barna sin viktigaste aktivitet– gjennom leik lærer og utviklar barna seg språkleg, fysisk, sosialt, intellektuelt og kjenslemessig.</p> <p>I Seim barnehage skal alle barn</p> <ul style="list-style-type: none"> • ha nokon å leike med • få varierte opplevingar og inntrykk • ha tilgang til allsidig materiell inne og ute • ha GOD TID til å leike • ha høve til leik i mindre grupper • få hjelp og støtte til å meistre leiken v/behov 	<p>LÆRING: Vi ynskjer at alle barna i Seim barnehage skal ha tru på seg sjølv og egne evner– vere stolt av kven dei er og kva dei kan</p> <p>I Seim barnehage skal alle barn</p> <ul style="list-style-type: none"> • sjølve få vere aktive • oppleve utvikling og meistring i daglege gjeremål som t.d. måltid og påkledning • få utfordringar som er passeleg store • få naudsynt hjelp og støtte til å meistre nye oppgåver • få ros og positive tilbakemeldingar
--	--	---	---	--

DETTE TILBYR VI OG DETTE FORVENTAR VI:

DETTE KAN FORELDRA FORVENTE SEG AV BARNEHAGEN:

- * Barnehagen skal fylgje Rammeplan og Lov om barnehagen
- * Barn og foreldre skal bli møtt av ein blid, hyggeleg og kjent tilsett om morgonen
- * Beskjedar frå foreldre angående barnet, blir hugsa på og vidareformidla på avd.
- * Legge til rette for god og allsidig leik, samt fysisk utfolding både ute og inne
- * Skal dekke barna sine grunnleggjande daglege behov
- * Barna skal bli rørt ved og lytta til kvar dag, og møte vaksne som har tid til dei
- * Barna skal vere riktig kledd etter korleis været er når dei er ute
- * Ha gode rutinar i høve bleieskift, kledeskift, handvask ol.
- * Få konkrete tilbakemeldingar om kva barnet har gjort på og korleis dagen har vore
- * Barnehagen tek fortløpande opp eventuelle bekymringar angående barnet
- * Tilbakemelding om særskilde hendingar angående barnet (Uhell, konflikhtar...)
- * Info om eventuelle vikarar på avdelinga og vikarar skal presentere seg
- * Få informasjon om turar og ting barnet skal vera med på i god tid på førehand
- * Få månadsplan og månadsoppsummering kvar månad på heimesida til bhg.
- *Fange opp og sette i gong tiltak ovanfor barn som har særskilde behov over kortare eller lengre tid (i samarbeid med heimen)

BARNEHAGEN SINE FORVENTNINGAR TIL FORELDRA:

- * Barnet er utkvild og friskt når det kjem i barnehagen, og kan vere både inne/ute
- * Barnet er kledd for å vere i allsidig leik inne og ute og har bytekle etter årstid
- * Merkar klede m/namn, held orden i barnet si hylle og vaskar skitne utekle jamleg
- * Helsar på personalet v/bringing og henting, og møter andre barn med respekt
- * Melder frå dersom barnet vert levert etter kl 09.30, eller vert heime pga fri, sjukdom
- * Viser interesse for kva barnet har gjort i barnehagen
- * Føl barnet inn på avd om morgonen og melder frå til tilsette når dei hentar barnet
- * Les informasjon frå barnehagen (dagsinfo, månadsinfo., heimeside)
- * Føl retningslinjer for sjuke barn i barnehagen
- * Svarer på foreldrekartleggingar
- * Informerer barnehagen om tilhøve/ endringar som kan påverke barnet sin barnehagedag på kort eller lang sikt, t.d lite søvn, sjukdom, dødsfall, samlivsbrot...
- * Spør dersom du lurar på noko
- * Seier ifrå på ein ”skikkeleg” måte om du er misnøgde med noko som gjeld bhg eller om barnet sjølv viser teikn på misstrivsel, og er løysingsfokuserert i lag m/bhg ift dette
- * Deltek på foreldremøte, foreldresamtaler og andre felles tilstellingar i barnehagen
- * Deltek på dugnad når du ynskjer å utføre dugnad, gjev tilbakemelding når du får spørsmål om du kan utføre dugnad og er aktiv sjølv i høve dugnadsoppgåver
- * Henta barnet innanfor barnehagens opningstid (ferdig kledd/ute av bhg kl 16.30)

BARN SIN MEDVERKNAD:



I Seim barnehage skal barna :

- ⇒ oppleve at dei er med å påverkar eigen kvardag
- ⇒ verte tekne med på råd, planlegging og vurdering
- ⇒ bli møtt av vaksne som er opne for barn sine innspel
- ⇒ ha rett til å utfalde seg sjølv, men samtidig lære å ta del i fellesskapet

Vi delar barn sin medverknad i to “kategoriar”:



”Her og no” situasjonar

Her er vi oppteken av korleis vi kommuniserer med barna for å sikre at vi verkeleg ”ser” heile barnet og forstår kva det vil formidle.

I samhandling med barn skal vaksne i Seim barnehage:

- ⇒ sjå på barna når vi snakkar med dei
- ⇒ vere fysisk nær barna og i barna si høgde
- ⇒ hjelpe barna til å formidle v/å setje ord på kva dei vil, peike, spørje og gjenta
- ⇒ vere positive og ha humor
- ⇒ tolke barnet sine ulike uttrykk (ord, lydar, kroppsspråk) og handle ut i frå kva behov vi opplever at barnet har
- ⇒ sei “ja” dersom vi ikkje kan grunngje eit “nei”

Barna skal få gjere det som ligg i deira interesse og person, og dei skal få leike med venene sine i løpet av dagen.

Planlagde situasjonar

I Seim barnehage skal barna :

- ⇒ få trening i å ytre sine synspunkt og lytte til andre sine meiningar i gruppe med andre barn i samlingsstund og om dei ynskjer, ta del i dei praktiske daglegdagse gjeremåla i barnehagen (kjøkken, vaskerom, digitalt arbeid med bilete ol.)
- ⇒ vere med å påverke og planleggje det som skjer i bhg, på månadsplanen, innanfor rammer dei vaksne har sett
- ⇒ få formidle sine opplevingar av kvardagen på avdelinga gjennom systematisk vurdering av aktivitetar og leik
- ⇒ bli bevisstgjorde på at dei har vore med i ein demokratisk prosess og at val er gjort ut frå deira synspunkt

Korleis:

Avdelingane skal nytte visuelle hjelpemiddel som støtte i vurderingsarbeidet med barna:

- store ansikt m/ulike utrykk (sur munn, rett munn, smilemunn) - ☹️😊☺️ -
- enkle bilde av situasjonar som barna kan kjenne seg att i

Barna sine utspel skal sjåast att i barnehagen sin kvardag!

FORELDRE SIN MEDVERKNAD:

- VI SKAL HA FORNØGDE FORELDRE I SEIM BARNEHAGE -

Møteplassar mellom barnehage og foreldre:

- ⇒ **Dagleg kontakt** : Bringing og henting
Barn og foreldre skal bli møtt om morgonen
når dei kjem inne på avdelinga
- ⇒ **Foreldresamtale** : 2 gonger pr år (haust/vår) eller ved behov
Pedagogane inviterer til samtale
- ⇒ **Foreldremøte** : 2 pr år (haust/vår)
Haustmøte : Informasjon /planar
Vårmøte : Evaluering/temamøte
- ⇒ **Sosiale arr.** : Jul- og påskekaffe, sommarfest, dugnad
- ⇒ **Årsmøte** : Styret i barnehagen kallar alle foreldre inn
til årsmøte i februar/mars
- ⇒ **Samarbeidsutval** : Eit rådgevande, kontaktskapande og
samordnande organ
 - Består av : 2 foreldrerepresentantar
 - : 2 personalrepresentantar
 - : 2 eigarrepresentantar
 - +Styrar (uttalerett, ikkje stemmerett)

Val av nye representantar kvar haust på
foreldremøte

Kvifor foreldremedverknad ?

- ⇒ Nedfelt i Barnehagelova og Rammeplan for barnehagen
- ⇒ “det eg veit og det du veit = det vi veit”
samarbeid heim - barnehage for best mogleg å ta i vare kvart
einskild barn sin trivsel, læring og utvikling - aleine og i gruppe
- ⇒ vere med å påverke barnehagen sitt innhald i den grad ein sjølv
ynskjer, slik at vi saman utviklar barnehagen
- ⇒ Vi ynskjer foreldre som er gla i og stolt over barnehagen “sin”

Brukarundersøking :

- ⇒ vert gjennomført kvart år, og resultatata vert lagt ut på heimesida
- ⇒ foreldre skal score barnehagen på ulike felt via fellesskjema
- ⇒ resultatet vil vise kva vi er gode på og kva vi må jobbe meir med
med - **bruk derfor “stemmeretten” din som forelder!!**

SAMARBEIDSUTVALET I SEIM BARNEHAGE 17/18


- Foreldre : Hjørdis Taule og Irmelin Nesse Brunvold
- Personal : Iselin Helland Rundhovde og Silje Eidsheim
- Eigarstyre : Elisabeth Idsø Gjerde og Øystein Veland
- Adm. : Janka Vie Seljeseth

BARNEHAGEN SITT SATSINGSOMRÅDE - 17 / 18 : - DUÅ (DE UTROLIGE ÅRENE) -

Målsetting :

- Gjere dei tilsette i barnehagen betre i stand til å forebyggje og handtere åtferdsvanskar hos barn
- Fremje positivt samspel mellom barn og vaksne i barnehagen
- Auke barna sin emosjonelle og sosiale kompetanse

LÆRINGSPIRAMIDEN:




Viktige prinsipp i DUÅ:

- **Merksemdprinsippet :**
Den åtferda du som vaksen gjev merksemd til, vil du forsterke og den vil gjenta seg
- **Rollemodellprinsippet:**
Barn kopierer åtferd som verdifulle vaksne modellerar

Den vaksne må byggje gode **relasjonar** til barna.
Barna opplever vaksne som dei har eit godt og nært forhold til, som **verdifulle** vaksne

Barna ynskjer merksemda til vaksne dei har ein god relasjon til og dette er viktig for å snu uønska åtferd.

Vaksen rolla er viktig! Ved å endre si eiga åtferd, kan vaksne påverke/endre barna si åtferd.



Gjennom bruk av DUÅ-prinsippa, ynskjer vi å hjelpe barna, slik at dei kan:

- Meistre leiken
- Ha ein kvardag fylt med glede og gode opplevingar i eit fellesskap med andre
- Ha vener
- Trivast og vere trygge
- Ta vare på seg sjølve og andre rundt seg
- Regulere eiga åtferd
- Løyse konflikhtar

Eksempel på strategiar dei vaksne kan ta i bruk i samspel med barna:

- Fokus på det som er positivt
- Tydelege beskjedar
- Ros og naboros
- Non-verbale signal (tommel opp, give me five....)
- Oversjå uønska åtferd
- Coaching

Forts. eksempel på strategiar dei vaksne kan ta i bruk i samspel med barna:

- Vere i førekant av situasjonar (proaktiv)
- God gruppeleing (klare grenser, god struktur, gode overgangar)
- Avleiing/omdirigering (sette barnet i gong med ny aktivitet)
- Belønning (t.d. klistemerke, stempel)
- Systematisk jobbing med utviklingsplanar

BARNEHAGEN SITT SATSINGSOMRÅDE - 17 / 18 : - SPRÅK -

**Språk er eit viktig reiskap for å uttrykkje tankar, kjensler, opplevingar.
"Sjå, no er eg lang som ein kilometer" (sitat gut - 4 år)**

Kva er SPRÅK?

- Språk er den viktigaste ferdigheita barn lærer seg i førskulealder
- Språk er eit reiskap for å uttrykkje tankar og kjensler, og viktig for utvikling av eigen identitet
- Språk er sentralt i samspel og kontakt med andre, og vert gradvis viktigare for å kunne ta del i og vidareutvikle leik
- Barn tileignar seg språket gjennom ein kombinasjon av modning og læring
- Barn lærer språk ved å vere i eit sosialt fellesskap



MÅL med arbeidet med SPRÅK:

Barna i barnehagen skal:

- opparbeide seg eit variert ordforråd etter kvart som dei vert eldre og vidareutvikle begrepsforståinga si
- bruke språket aktivt i samspel med andre i barnehagen
- Gjere seg forstått på ein aldersadekvat måte ift innhald og uttale av språklydane
- Gradvis ta i bruk språket for å løyse konflikhtar
- Bli kjend med bøker, songar, eventyr

TILTAK i høve SPRÅK?

Vaksne skal:

- leggje til rette for samtale, høgtlesing, bruk av rim og regler, song og språkstimulerande spel i høve barna
- vere gode rollemodellar i høve språk, bruke kvardagssituasjonane og setje ord på gjenstandar, det ein gjer i situasjonen - "bade" ungane i språk
- vere lyttande og gje barna tid i kommunikasjonen
- Nytte språkgrupper på avdelingane
- Ta i bruk språkkassane vi har laga
- Nytte "Snakkepakken" - eit pedagogisk språkverktøy som barnehagen har
- Kartleggje barn som ein "lurer" på ift språk, med TRAS
- Setje i verk tiltak for barn som har behov for særleg oppfølging

SPRÅKLØYPA:

Barnehagen skal setje seg inn i og nytte verktøyet «Språkløypa» i satsinga si på språk dette året. Vi skal nytte språkløypa «Språk og leseaktivitetar» og lære meir om korleis bevisst bruk av gode barnebøker kan fremje barn sitt språk og trene oss i kvardagen på dette.

Vi vil arbeide med dette gjennom heile barnehageåret - i praksis kvar dag i møte med alle barna i barnehagen

RAMMEPLANEN SINE 7 FAGOMRÅDE:

Natur, miljø og teknologi:
Mykje forskjellig å utforske i naturen



Tal, rom og form:
- kor mange treng vi?



Nærmiljø og samfunn:
Barnehagen er ein del av eit nærmiljø og eit større samfunn

Kropp, rørsle, mat og helse:
Sjå, kva eg klarar!!



**LEIK
KREATIVIT
LÆRIN
UTFORDRING
MEISTRING
GLEDE**



Etikk, religion og filosofi:
Ute i naturen er det mange ting å undre seg over og fantasere rundt

Kommunikasjon, språk og tekst:
- det er kjekt å sjå i bøker i lag med gode vener



Kunst, kultur og kreativitet:
Vi vil eksperimentere og leike med uttrykk og formmateriell.
Det gjev skaparglede.



PROGRESJONSPLAN FOR RAMMEPLANEN SINE 7 FAGOMRÅDE:

“Rammeplanen for barnehager” har nedfelt 7 fagområde som vi skal jobbe med.

Progresjonsplanen vår er ein oversikt over dei ulike *utviklingsmåla* barnehagen ynskjer at barna skal strekkje seg mot, innanfor dei ulike aldersgruppene. Barn i ulik alder har forskjellige behov og ferdigheiter. Dei skal oppleve at kvart barneageår byr på nye opplevingar og erfaringar, samstundes som noko gjentek seg.

Mykje av det som står i progresjonsplanen, er punkt vi øver på og gjer i kvardagen allereie. Men planen gjer oss meir merksame på kva dei ulike aldersgruppene vil ha nytte av og kunne klare for sin alder. Det vil i kvardagen likevel vere naturleg å gjere mange av punkta saman med heile barnegruppa (1-3 år, 3-4 år og 5-års-grupper) og overgangen mellom aldersinndelingane vil vere “flytande”.

Arbeidet med fagområda er delt inn i aldersgrupper med tanke på å synleggjere ein tenkt progresjon. Det betyr IKKJE at vi berre jobbar med punkta innanfor ei aldersgruppe og sluttar å arbeide med desse områda etter kvart som barnet vert eldre.

Det er samstundes viktig å vite at barn utviklar seg i ulikt tempo. Det eit barn kan når det er 2 år, vil eit anna barn kanskje ikkje meistre før det er 3år. Barnegruppene si samansetting og føresetnader vil også påverke korleis vi bør arbeide.

Progresjonsplanen er laga med utgangspunkt i Rammeplanen. Den einskilde avdeling utarbeidar sine planar på bakgrunn av rammeplanen og barnehagen sin årsplan og progresjonsplanen der.

PROGRESJON I FAGOMRÅDET "KOMMUNIKASJON, SPRÅK OG TEKST":

*Kommunikasjon er eit vekselspel mellom å ta imot og tolke eit budskap og sjølv vere avsendar av eit budskap
Å samtale om opplevingar, tankar og kjensler er naudsynt for å utvikle eit rikt språk. Tekst omfattar både skriftleg og munnleg forteljing m.m*

1– 2 åringen:	2-3 åringen:	3-4 åringen:	4-5 åringen:	5-6 åringen:
<ul style="list-style-type: none"> • Viser interesse og peikar på bilda i bildebøker 	<ul style="list-style-type: none"> • Følgjer med på bildebøker med enkel tekst 	<ul style="list-style-type: none"> • Følgje med i bildebøker med meir tekst enn bilde 	<ul style="list-style-type: none"> • Byrjar å forstå leseretning i tekst 	<ul style="list-style-type: none"> • Følgjer med i bøker utan bilde/lengre tekst/fortsetjing
<ul style="list-style-type: none"> • Kjenner att namna til barn og vaksne på avd 	<ul style="list-style-type: none"> • Kjenner att den første bokstaven i namnet sitt 	<ul style="list-style-type: none"> • Kjenner att namnet sitt skriftleg, øve på 1. bokstav 	<ul style="list-style-type: none"> • Skriv bokstavar i namnet sitt + "leikeskriving" 	<ul style="list-style-type: none"> • Kan skrive namnet sitt
<ul style="list-style-type: none"> • Har erfaring med enkle songar med rørsle, og rim/regler knytt til kroppen 	<ul style="list-style-type: none"> • Viser interesse og deltek i enkle songar med rørsle, rim og regler 	<ul style="list-style-type: none"> • Kan ein del kjende songar, heilt eller delvis 	<ul style="list-style-type: none"> • Kan songar heilt riktig • Kan nokon rim og regler • "Tøysar" med språket 	<ul style="list-style-type: none"> • Kan songar med fleire vers • Kan rime på eiga hand • Byrjar å forstå/fortelje vitsar og gåter + ord på engels?
<ul style="list-style-type: none"> • Kommuniserer m/blikk, peikar, viser ulike kjensler 	<ul style="list-style-type: none"> • Vere i dialog over kort tid, fortelje med vaksnehjelp om noko det har opplevd, brukar mimikk og gestar 	<ul style="list-style-type: none"> • Vere i dialog over litt tid, lytte- vente, fleire "turar" • Gjenfortelje enkle opplevingar/ikkje "her-og-no" 	<ul style="list-style-type: none"> • Fortelje ei historie med ein struktur/viss samanhengjere seg lett forstått 	<ul style="list-style-type: none"> • Hugsar og kan gjenfortelje historier og opplevingar • Diktar eigne historier • Snakkar framfor stor gruppe
<ul style="list-style-type: none"> • Skil "ja" og "nei" • Forstår ein del kvardagsord • 1-2 ordsytringar knytt til "her og no"-situasjon • Benemnar gjenstandar og personar med eigne ord • Imiterer ord dei høyrer 	<ul style="list-style-type: none"> • Forstår enkle instruksjonar t.d. legg dokka i senga, • 2-3 ords ytringar (substantiv og verb) • Har begrep ift daglegdagse ting (kropp, kle, leikar...) 	<ul style="list-style-type: none"> • Kan setje ord på kjensler • 4-ordsytringar • Har eit stort ordforråd - pronomen, preposisjonar, spørjeord • Brukar nektande setningar • Kan 3-4 fargenamn 	<ul style="list-style-type: none"> • Følgjer instruksjon m/to ledd, "først...., så....." • Har lite gramatiske feil • Snakkar om fortid /framtid • Brukar "fordi"-setningar • Kan både bokstavnamn og bokstavlyd for nokon bokstavar 	<ul style="list-style-type: none"> • Har eit godt språk • Brukar preposisjonar riktig • Kan motsetningar som t.d. størst - minst, først - sist... • Nyttar overomgrep t.d. frukt • Kan alle fargane + nokon fargenyansar • Kan fleire bokstavar/lydar • Løyser konflikhtar med ord
<ul style="list-style-type: none"> • Tidleg turtaking 	<ul style="list-style-type: none"> • Tek kontakt med andre • Har byrjande samleik 	<ul style="list-style-type: none"> • Tek/opprettheld kontakt • Leikar med andre barn 	<ul style="list-style-type: none"> • Kan leike sjølvstendig • Meistrar rolleleik • Meistrar sosiale spelereglar 	<ul style="list-style-type: none"> • Meistrar samleik over tid • Har meir "avansert" rolleleik

PROGRESJON I FAGOMRÅDET " KROPP, RØRSLE OG HELSE " :

I løpet av småbarnsalderen tileignar borna seg grunnleggande motoriske ferdigheiter og beherskar eigen kropp. Dei er kroppsleg aktive, uttrykkjer seg mykje gjennom kroppen og lærer verden og seg sjølv å kjenne gjennom fysisk aktivitet.

1– 2 åringen:	2-3 åringen:	3-4 åringen:	4-5 åringen:	5-6 åringen:
<ul style="list-style-type: none"> • Er aktivt deltakande i måltida, et sjølv med litt vaksenstøtte, drikk av kopp og peikar på det dei vil ha 	<ul style="list-style-type: none"> • Et sjølv og byrjar å delta litt i smøring av maten sin 	<ul style="list-style-type: none"> • Meistrar delvis å smørje maten sin sjølv • Trenar på å halde bestikket • Spør etter og sender mat 	<ul style="list-style-type: none"> • Deltek i matlaging • Er med og dekkar bordet 	<ul style="list-style-type: none"> • Veit kva som er sunn mat og kvifor
<ul style="list-style-type: none"> • Positiv oppleving av stellsit • Hjelper med å finne bleie ol 	<ul style="list-style-type: none"> • Dotrening når barnet sjølv vil - skape god motivasjon 	<ul style="list-style-type: none"> • Går på do aleine m/litt hjelp 	<ul style="list-style-type: none"> • Kjenner sjølv når ein må på do 	<ul style="list-style-type: none"> • Gå på do, trene seg på å tørke seg sjølv
<ul style="list-style-type: none"> • Vaskar hendene før måltid og vaskar dei sjølv m/hjelp frå vaksne 	<ul style="list-style-type: none"> • Vaske hendene før mat og etter potte/do besøk m/hjelp frå vaksen • Tørke hendene sjølv 	<ul style="list-style-type: none"> • Vaske hendene før mat og etter dobesøk sjølv 	<ul style="list-style-type: none"> • Vaske hendene og vite kvifor handhygiene er viktig 	<ul style="list-style-type: none"> • Hugsar på å vaske hendene sjølv når det er naudsynt
<ul style="list-style-type: none"> • Er aktivt med i påkledning, t.d. armen i jakka, lua på hovudet, finn skoa sjølv • Kler av enkle plagg sjølv 	<ul style="list-style-type: none"> • Er medviten sin eigen kropp - prøver å kle på seg sjølv 	<ul style="list-style-type: none"> • Kan kle på seg ein del plagg sjølv 	<ul style="list-style-type: none"> • Kan kle av og på seg alt sjølv i rett rekkjefølgje 	<ul style="list-style-type: none"> • Ordnar med eigne kle, veit kva kle som er naudsynt
<ul style="list-style-type: none"> • Går stødig • Kan reise seg når dei dett • Kan klatre opp og ned • Har pinsettgrep • Kan holde ein blyant 	<ul style="list-style-type: none"> • Er grovmotorisk aktiv • Har auge/hand koordinasj. • Kan trille/sparke/kaste ball, setje klossar oppå kvarandre, enkle puslespel • Perlar med store perler • Syklar med trehjulsykel 	<ul style="list-style-type: none"> • Kan alle grunnrøslene - hope/rulle/krabbe/balanser • Står på ein fot ei kort stund • Lagar fart på dissa sjølv • Godt blyantgrep • Teiknar enkle ansikt • Puslar enkle puslespel • Perlar med små perler 	<ul style="list-style-type: none"> • Har god kropps kontroll • Kan kaste og ta i mot stor ball med hendene • Hinke, stupe kråke • Hoppe framover med begge føtene • Kan klyppe langs ein strek • Kan teikne enkle menneske 	<ul style="list-style-type: none"> • Kan kaste ball med hendene over hovudet • Kan "pakke" ball og ta imot den med begge hendene • Kan springe og sparke ball på same tid • Øver seg på å hoppe tau • Klare å klyppe figurar • Fargelegge innanfor streken • Utfordrar eigne kroppslege ferdigheiter
<ul style="list-style-type: none"> • Kjent på bhg sitt uteområde • Aktivitet i trygge tilhøve • Har god veksling mellom aktivitet og kvile 	<ul style="list-style-type: none"> • Er ute kvar dag + turdag • Har allsidig leik og rørsle, inne og ute • Får tilpassa utfordringar 	<ul style="list-style-type: none"> • Er ute kvar dag + turdag • Prøvar ut eigne kroppslege ferdigheiter m/vaksenstøtte 	<ul style="list-style-type: none"> • Er ute kvar dag + turdag • Prøvar ut eigne kroppsege moglegheiter/ferdigheiter 	<ul style="list-style-type: none"> • Er ute kvar dag, nyttar skog og mark aktivt + turdag

PROGRESJON I FAGOMRÅDET " KUNST, KULTUR OG KREATIVITET " :

Gje barna moglegheit til å oppleve kunst og kultur og til sjølv å få uttrykkje seg estetisk. Dette området omhandlar uttrykksformer som bildekunst, kunsthandverk, musikk, dans, drama, språk, litteratur, film, arkitektur og design.

1– 2 åringen:	2-3 åringen:	3-4 åringen:	4-5 åringen:	5-6 åringen:
<ul style="list-style-type: none"> • Gode og "nære" inntrykk, undersøkje ting v/å sjå på, kjenne på, smake, lytte til 	<ul style="list-style-type: none"> • Får varierte inntrykk inne og ute i barnehagen 	<ul style="list-style-type: none"> • Auka grad av opplevingar utanfor barnehagen 	<ul style="list-style-type: none"> • Får rike opplevingar i og utanfor barnehagen 	<ul style="list-style-type: none"> • Hentar inspirasjon frå kultur-institusjonar i nærleiken
<ul style="list-style-type: none"> • Deltek i samling med song, musikk, drama, • Opplever rørslesongar • Opplever musikk og rørsleglede på avdelinga 	<ul style="list-style-type: none"> • Deltek i samling med song, musikk, drama, bøker, film • Deltek i enkel barnesong • Leikar med rytmeinstr. • Dansar etter musikk i lag med vaksne 	<ul style="list-style-type: none"> • Deltek i samling med song, musikk, drama, bøker, film • Viser songglede og kan delar av songar • Brukar enkle rytmeinstr. • Klappar stavingar/rytme • Opplever ulik type musikk 	<ul style="list-style-type: none"> • Deltek i samling med song, musikk, drama, bøker, film • Lærer nye/lengre songar • Lagar og brukar rytmeinstr. saman med song/musikk • Høyrer musikk dei likar 	<ul style="list-style-type: none"> • Deltek i samling med song, musikk, drama, bøker, film • Kan varierte songar, syng aleine og i lag med andre, opptrer for andre, erfaring med mikrofon, høyrer opptak av eigen song
<ul style="list-style-type: none"> • Blir kjend med norske eventyr gjennom bøker/bilde/forteljning 	<ul style="list-style-type: none"> • Kjenner att ulike eventyr og likar eventyr som vert formidla med engasjement 	<ul style="list-style-type: none"> • Kan vere med og fortelje kjende eventyr dei har hørt mykje 	<ul style="list-style-type: none"> • Lærer nye eventyr, lokale sagn?, brukar lydbøker 	<ul style="list-style-type: none"> • Tekstskaping; lagar egne eventyr og forteljningar
<ul style="list-style-type: none"> • Blir kjent med og utforskar ulike formingsmateriale ved å kjenne på/sjå på/smake på (t.d. maling, kitt, fargeblyantar, ull...) 	<ul style="list-style-type: none"> • Utforskar kva ulikt form.materiale kan nyttast til (teikne, male, lime, forme, tove...) 	<ul style="list-style-type: none"> • Byrjar å utforskar ulike formingsteknikkar • Får erfaring med bruk av naturmateriale inne og ute 	<ul style="list-style-type: none"> • Lærer fleire ulike formings-teknikkar (t.d. trykk, gips) • Opplever skaparglede gjennom både prosess og produkt 	<ul style="list-style-type: none"> • Lærer nokon form.teknikkar meir grundig, t.d. maling, fargelære... • "Leikar" m/teknikkar sjølve • Uttrykkjer seg på pc, både i teikning, skrift og bilde • Synleggjer egne uttrykk
<ul style="list-style-type: none"> • Leikar byrjande turtakings-leik 	<ul style="list-style-type: none"> • Leikar byrjande "late-som om"-leik ved bruke eigen kropp i lag med vaksen • Utforskar og prøver ut rekvisita som hattar og sko i leiken 	<ul style="list-style-type: none"> • "Leikar ut" opplevingar og dramatiserer enkle eventyr/songar ved å bruke eigen kropp og stemme - med hjelp og støtte av vaksen • Har tilgong på variert utkleddingsutstyr 	<ul style="list-style-type: none"> • Leikar fantasileik og dramatiserar på eigenhand • Har variert utstyr i rolleleiken, prøver ut t.d. ansiktsmaling • Prøvar ut dramatisering med enkle "dokker", t.d. ispinnedokker. 	<ul style="list-style-type: none"> • Bidreg med egne tankar ift kva dei treng i rolleleiken • Dramatisere og lagar kulissar • Lagar enkle dokker sjølve, og spelar dokketeater • Opptrer for andre

PROGRESJON I FAGOMRÅDET "NATUR, MILJØ OG TEKNIKK":

Fagområdet skal bidra til at barn blir kjent med og får forståing for planter og dyr, landskap, årstider og vær. Det er eit mål at barn skal få ei byrjande forståing av betydinga av ei berekraftig utvikling.; samspelet i naturen og mellom natur/menneske

1– 2 åringen:	2-3 åringen:	3-4 åringen:	4-5 åringen:	5-6 åringen:
<ul style="list-style-type: none"> • Ute i korte økter, tilpassa vær og vind • Trilletur i nærmiljøet • Får undersøkje og sanse/undrast på dei "nære" ting på uteområdet - gras, blomster , sand, stein, vatn/snø.... 	<ul style="list-style-type: none"> • Er ute kvar dag • Har turdag kvar veke • Opplever endring i naturen gjennom årstidene • Oppleve vær-endringar som sol, regn, vind, snø (varm/kaldt, vått/tørt...) 	<ul style="list-style-type: none"> • Er ute kvar dag • Har turdag kvar veke • Kjenner årstidene og veit kva dei bringar 	<ul style="list-style-type: none"> • Er ute kvar dag • Har turdag kvar veke • Kjenner årstidene, rekkjefølgja, korleis dei påverkar dyr og planter (t.d. dyr som skiftar farge el går i dvale el fer sørover) • Føl med på været og kan sei kva vær det er 	<ul style="list-style-type: none"> • Er ute kvar dag, brukar nærmiljøet rundt bhg • Har turdag kvar veke • Lære om "naturfenomen" t.d. regnbogen, skyer, lyn/torden
<ul style="list-style-type: none"> • Undersøker/vert kjend med vekstar i barnehagen (blomar, gras, strå, ugras) 	<ul style="list-style-type: none"> • Blir kjent med det som veks i naturen og kva vi kan ete (t.d. bær) 	<ul style="list-style-type: none"> • Kjenner nokon vanlege villblomar rundt barnehg. • Plantar frø/løk og følgjer vekstprosessen 	<ul style="list-style-type: none"> • Kjenner frukt/bær/gr.saker • Haustar av naturen • Plante/sår og haustar sjølv, t.d. potet 	<ul style="list-style-type: none"> • Kjenner nokon treslag og vekster vi har rundt oss - utsjånad, nytteverdi.... • Haustar av naturen og lagar mat av det
<ul style="list-style-type: none"> • Leik med sand og vatn 	<ul style="list-style-type: none"> • Samlar materiell frå naturen, t.d. steinar, pinnar og brukar det i leik 	<ul style="list-style-type: none"> • Samle og sortere materiell frå naturen, t.d. presse blad, tørke konglar... • Gjere ulike eksperiment, t.d. fryse vatn 	<ul style="list-style-type: none"> • Gjere ulike eksperiment, t.d. kva flyt • Nytte ulike hjelpemiddel, som forstørringsglas m.m 	<ul style="list-style-type: none"> • Gjere ulike eksperiment (t.d. tappe sevje frå bjørka, vatnets "bane" i plantene) • Bruke reiskapar i naturen; t.d. sag og kniv
<ul style="list-style-type: none"> • Får ikkje kaste søppel rundt seg 	<ul style="list-style-type: none"> • Kastar søppel i bossbøtta 	<ul style="list-style-type: none"> • Lære seg kjeldesortering • Plukkar søppel ein ser, med seg og kastar det i bosset • Søppelrydding før 17.mai 	<ul style="list-style-type: none"> • Gjer ulike eksperiment t.d. kva "forsvinn" /"forsvinn" ikkje etter å ha lagt i jorda nokon mnd, • Erfarer at ting kan brukast på nytt (gjenvinning) • Søppelrydding før 17.mai 	<ul style="list-style-type: none"> • Har litt kunnskap om miljøvern, forureinsing, t.d. bileksos, strømforbruk... • Søppelrydding før 17.mai

PROGRESJON I FAGOMRÅDET "NATUR, MILJØ OG TEKNIKK":

Fagområdet skal bidra til at barn blir kjent med og får forståing for planter og dyr, landskap, årstider og vær. Det er eit mål at barn skal få ei byrjande forståing av betydinga av ei berekraftig utvikling.; samspelet i naturen og mellom natur/menneske

1– 2 åringen:	2-3 åringen:	3-4 åringen:	4-5 åringen:	5-6 åringen:
<ul style="list-style-type: none"> Kjenner att dei mest vanlege husdyra/kjæledyra og kan "dyrelydane" 	<ul style="list-style-type: none"> Sjå på insekt inne og ute (flua, mauren, edderkoppen) - Kva et dei, kor bur dei, kven et dei... Følgje prosessen frå t.d. maggot (larve) til flue 	<ul style="list-style-type: none"> Auka kunnskap om dyr og dyreliv, veit kor maten kjem frå (mjølk, kjøtt, egg) Bondegardsbesøk 	<ul style="list-style-type: none"> Lære fakta om nokon dyr i nærmiljøet - næringskjede, levesett.... Høyre og sjå etter fuglane ute til ulike årstider Lagar fuglemat og heng ut 	<ul style="list-style-type: none"> Følgje prosessen frå dyr/plante til mat Lære om dyrespor og sjå etter dei (avføring, mat, fotspor)
<ul style="list-style-type: none"> Opplever at leikar på avd av og til har lyd - av og til ikkje (batterileikar) Erfarar at det skjer noko om dei trykkjer på den knappen o.l 	<ul style="list-style-type: none"> Får erfaring med tekniske gjeremål som t.d. å setje på oppvaskemaskina Byrjande erfaring med bruk av teknikk i kvardagen, t.d. fotoapparat 	<ul style="list-style-type: none"> Får erfaring med bruk av teknikk i kvardagen, t.d. kopiering, data, fotoapparat, 	<ul style="list-style-type: none"> Byrjande innsikt i bruk av data, enkle dataspel 	<ul style="list-style-type: none"> Har erfaring med redigering av bilder og teikneprogrammet "Paint" el.l

PROGRESJON I FAGOMRÅDET "ETIKK, RELIGION OG FILOSOFI":

Barnehagen skal reflektere og respektere mangfaldet som er representert i barnegruppa, samstundes som den skal ta med seg verdier og tradisjonar frå den kristne kulturarva. Toleranse og respekt er grunnleggjande verdier i barnehagen.

1– 2 åringen:	2-3 åringen:	3-4 åringen:	4-5 åringen:	5-6 åringen:
<ul style="list-style-type: none"> • Opplever at det er ok å uttrykkje ulike kjensler • Vaksne som set ord på barnets kjensler, ser i bøker - på bilde 	<ul style="list-style-type: none"> • Veit kva "lei seg", "sint", "glad" er - både ift seg sjølv og andre 	<ul style="list-style-type: none"> • Kan setje ord på kjensler: Kva gjer meg glad? Kvifor er eg lei meg? • Kan trøste når nokon er lei seg 	<ul style="list-style-type: none"> • Viser respekt for andre barn og vaksne • Kan hevde seg sjølv og sine meiningar 	<ul style="list-style-type: none"> • Kan vise akseptable kjensleuttrykk - t.d. ved sinne, engstelse, frustrasjon
<ul style="list-style-type: none"> • Veit kva "ja" og "nei" betyr • Opplever grensesetting ift kva som er rett og galt • Vaksne som rettleiar/hjelp 	<ul style="list-style-type: none"> • Aukande forståing for kva som er rett og galt • Opplever grensesetting ift det 	<ul style="list-style-type: none"> • Veit gjerne kva som er rett og galt, klarer til ein viss grad å etterleve det • Klare i større grad å sjå kva som er rett og galt ift andre enn i høve seg sjølv 	<ul style="list-style-type: none"> • Veit og forstår i stor grad kva som er rett og galt • Aukande rettferdssans 	<ul style="list-style-type: none"> • Kan justere åtferda si v/verbal rettleiing
<ul style="list-style-type: none"> • Blir kjend med kva som er "ditt og mitt", øver på å dele på leikar • Blir oppfordra til å vise omsorg og omtanke, hjelpe 	<ul style="list-style-type: none"> • Enkel turtaking, kan dele litt på leikar • Får hjelp og støtte til å vise omsorg for andre, og bli bekrefta av dei vaksne • Får hjelp og støtte til å øve på konfliktløysing 	<ul style="list-style-type: none"> • Har stor glede av samvær og samspel med andre barn • Kan samtale med vaksen om korleis vi skal vere mot kvarandre • Kan løyse enkle konflikhtar med andre barn 	<ul style="list-style-type: none"> • Meistrar eit sosialt fellesskap • Kan hjelpe/støtte andre når det er nødvendig • Bevisst - gode/sårande ord • Aukande evne til samarbeid og konfliktløysing 	<ul style="list-style-type: none"> • Kan "gje og ta" i sosialt samspel, kan tilpasse seg sit. litt • Viser empati og innleving og forståing for andre sine synspunkt/opplevingar • Kan løyse konflikhtar - med ord - og ta andres perspektiv
<ul style="list-style-type: none"> • Skal oppleve at det er naturleg å vere ulik 	<ul style="list-style-type: none"> • Skal oppleve glede i samvær med andre barn, uansett funksjonsevne, religion og kulturbakgrunn 	<ul style="list-style-type: none"> • Stiller spørsmål og får svar på ting dei lurar på ang andre 	<ul style="list-style-type: none"> • Har toleranse og respekt for kvarandre, uansett funksjonsevne, kultur og livssyn • Har noko kunnskap om andre kulturar som evt er i barnehagen • Hjelper fattige barn 	<ul style="list-style-type: none"> • Aukande evne til å akseptere og respektere kvarandre sine ulikheiter • Hjelper fattige barn • Kunnskap og refleksjon om kvifor nokon er rike og fattige

PROGRESJON I FAGOMRÅDET " ETIKK, RELIGION OG FILOSOFI " :

Barnehagen skal reflektere og respektere mangfaldet som er representert i barnegruppa, samstundes som den skal ta med seg verdier og tradisjonar frå den kristne kulturarva. Toleranse og respekt er grunnleggjande verdier i barnehagen.

1– 2 åringen:	2-3 åringen:	3-4 åringen:	4-5 åringen:	5-6 åringen:
<ul style="list-style-type: none"> • Opplever markering av høytidene ved pynting, song og musikk, tradisjonar 	<ul style="list-style-type: none"> • Opplever markeringa av høgtidene også gjennom enkle forteljingar og bilde 	<ul style="list-style-type: none"> • Har noko kjennskap til kvifor vi feirar jul og påske • Er med på kyrkjebesøk før jul/påske • Vaksne skal møte tru, spørsmål og undring med respekt 	<ul style="list-style-type: none"> • Utvida kjennskap til kvifor vi feirar jul og påske (ift alder) og tradisjonar knytt til høgtiden • Kyrkjebesøk før jul/påske 	<ul style="list-style-type: none"> • Utvida kjennskap til kvifor vi feirar jul og påske (ift alder) og tradisjonar knytt til høgtidene • Kjennskap til tradisjonar knytt til høgtider i andre livs-syn som evt er representert i barnehagen • Kyrkjebesøk før jul og påske

PROGRESJON I FAGOMRÅDET "NÆRMILJØ OG SAMFUNN":

Barns medverknad i det indre liv i barnehagen kan vere første steg for å få innsikt i og erfaring med deltaking i eit demokratisk samfunn. Barnehagen skal leggje vekt på å styrkje kunnskap om og tilknytning til lokalsamfunnet; natur, kunst/kultur, arbeidsliv, tradisjonar og levesett.

1– 2 åringen:	2-3 åringen:	3-4 åringen:	4-5 åringen:	5-6 åringen:
<ul style="list-style-type: none"> • Blir kjend med seg sjølv og familien sin gjennom bilde 	<ul style="list-style-type: none"> • Veit kva mamma, pappa og evt sysken heiter 	<ul style="list-style-type: none"> • Deltok i samtalar rundt familien, namn, hus m.m 	<ul style="list-style-type: none"> • Veit kvar dei bur og har kunnskap om slekta si • Veit kor mamma/pappa jobbar 	<ul style="list-style-type: none"> • Veit kvar på Seim dei bur • Veit kven som er naboane deira
<ul style="list-style-type: none"> • Vert kjend med dei andre barna og dei vaksne på avdelinga, lærer namna gjennom benemning, opprop, song - auka gruppekjenle 	<ul style="list-style-type: none"> • Veit kva avd deira heiter • Opplever at akkurat dei er viktige i gruppa • Utvikle gode vennskap 	<ul style="list-style-type: none"> • Veit kva barnehagen heiter • Veit kva dei andre avdelingane heiter • Er trygg på ny, stor avd. 	<ul style="list-style-type: none"> • Veit kva alle dei vaksne i barnehagen heiter • Observerer og "lagrar" informasjon om dei rundt seg, heile tida 	<ul style="list-style-type: none"> • Stiller meir "inngående" spørsmål om dei vaksne og dei andre barna - skaffar seg meir kunnskap og info.
<ul style="list-style-type: none"> • Vert kjend med og utforskar barnehagen inne og ute • Er med på trilletter og korte spaserturar i nærområdet 	<ul style="list-style-type: none"> • Er med på turar i nærmiljøet • Er evt på besøk hos andre barn eller vaksne på avd 	<ul style="list-style-type: none"> • Turar til Hjorteskogen • Besøker kyrkja • "Heimebesøk" hos andre barn og vaksne på avd. • Turar til lokale verksemder som skulen, butikken 	<ul style="list-style-type: none"> • Turar til lokale verksemder som t.d. NWP, museum på Seim, Lyngheiseret, Trikotasjefabrikken, ullvarefabrikk./politi/brannstasjon/bibliotek • Kjennskap til kva land vi bur i, kongen/dronninga, då dei var på besøk på Seim 	<ul style="list-style-type: none"> • Går litt lengre turar på Seim • Samarbeid med skulen før skulestart • Er på avslutningstur før sommaren til ein sjølvvalt plass • Seim - i gamle dagar og no • Lokal musikk m.m. • Noreg ift resten av verda
<ul style="list-style-type: none"> • Medverkar gjennom at vaksne vektlegg barnas interesse og initiativ i pl.l. • Tek enkle val som t.d. pålegg, song i samling. 	<ul style="list-style-type: none"> • Hjelper til i enkle gjeremål i kvardagen • Medverkar som einskildperson og i lag m/gruppa 	<ul style="list-style-type: none"> • Erfarar at dei sjølv og andre er med på å påverke og at alle er viktige for fellesskapet. Oppleve at eigne handlingar påverkar andre. 	<ul style="list-style-type: none"> • Eigne ynskjer– andres ynskjer– fleirtalsynskjer • Oppleve demokratiske val • Er med og evaluerer aktiv. 	<ul style="list-style-type: none"> • Ser og forstår konsekvensar av eigne val • Rettar seg etter demokratiske "utfall" • Er med og evaluerer aktiv.
<ul style="list-style-type: none"> • Leikar med kva dei vil, uavhengig av kjønn 	<ul style="list-style-type: none"> • Oppdagar at det er skilnad på jenter og gutar 	<ul style="list-style-type: none"> • Leiker med kven dei vil, uavhengig av kjønn • Kjønnsblanda grupper 	<ul style="list-style-type: none"> • Samanliknar ulike eigenskapar hos gutar og jenter 	<ul style="list-style-type: none"> • Kjenner seg likestilt uavhengig om dei er jenter/gutar

PROGRESJON I FAGOMRÅDET "TAL, ROM OG FORM":

Gjennom lek, eksperimentering og kvardagsaktivitetar utviklar barna sin matematiske kompetanse

1– 2 åringen:	2-3 åringen:	3-4 åringen:	4-5 åringen:	5-6 åringen:
<ul style="list-style-type: none"> Får erfaring med tal/ teljing gjennom eventyr, song, rim og regler Forstår skilnaden på ein og mange 	<ul style="list-style-type: none"> Leiketel Utviklar tallforståing gjennom teljing i kvardagen; av barn/vaksne, leikar, ting 	<ul style="list-style-type: none"> Kan telje til 10 "Peike-tel" Spelar talspel/terningspel 	<ul style="list-style-type: none"> Øver på å telje til 20 Kjenner til talsymbola 0-9 Meistrar mengde på 3 Hjelpe til med praktiske oppgåver der talomgrep er viktig, t.d dekke bordet 	<ul style="list-style-type: none"> Kan teljeramsa til 20 Har mengdeomgrep opp til 6 (terning) Spelar mange spel, både kort og terningspel. Kan telje og flytte
<ul style="list-style-type: none"> Har ei byrjande forståing for storleik; "liten - stor" Øver på omgrep som inni/ utanfor Sansar/erfarer i kvardagen 	<ul style="list-style-type: none"> Lære seg omgrepa "liten - stor" og ser skilnaden Øver på omgrep som "stor - større - størst" og "liten - mindre - minst" 	<ul style="list-style-type: none"> Forstår ulike storleikar som "høg-lav", "lang-kort" Forstår preposisjonar som under/over/foran/bak/ mellom/ved sida av 	<ul style="list-style-type: none"> Lære om lengde og breidde Bruke preposisjonar aktivt i daglegtalen 	<ul style="list-style-type: none"> God forståing for mange matematiske omgrep Kjenner motsette omgrep som størst-minst, gammal-ny mange-få osv.
<ul style="list-style-type: none"> Vert kjend med dagsrytmen 	<ul style="list-style-type: none"> Trenar på omgrep som "først - etterpå" 	<ul style="list-style-type: none"> Har ei byrjande forståing av tid; i dag - går - morgon 	<ul style="list-style-type: none"> Enkel erfaring med klokka 	<ul style="list-style-type: none"> Byrjande forståing for klokka Har utvikla retningssans Kjenner til vekedagane
<ul style="list-style-type: none"> Blir kjend med former og figurar gjennom lek med putteboksar, klossar o.l Erfarar ved å sjå/ta/bite på 	<ul style="list-style-type: none"> Byggjer med klossar, byggjer togbane Puslar knotte-puslespel Spelar billedlotto Perler med store perler ol 	<ul style="list-style-type: none"> Sorterar leikar o.a. etter form, farge, storleik Kjenner til omgrepa "sirkel trekant og kvadrat" Ser likheit/ulikheiter 	<ul style="list-style-type: none"> Kjenne til fleire omgrep som rektangel og sylinder - gå på "jakt" etter former i bhg - inne og ute Utforske, oppdage og skape enkle former og mønster 	<ul style="list-style-type: none"> Erfaring med ulike mål/ måleiningar og reiskap, t.d. ved matlaging og snekring Namngje grunnformene Skapar, formar og omformar konstruksjonar v/leik Sorterer ting i kategoriar Veit kort ting og stader er, inne og ute
<ul style="list-style-type: none"> Blir kjend med inne/ ute-området i kvardagsaktiv. Hente kjende ting på avd Øver på sortering av leikar 	<ul style="list-style-type: none"> Veit kor leikane skal vere og er med og ryddar Kan sortere leikar 	<ul style="list-style-type: none"> Kan plassere og hente ting på rett plass, t.d. setje skoa på hylla, jakka på knaggen Utvida evne til sortering 	<ul style="list-style-type: none"> Kan hente mjølk i kjøleskapet, kniv i skuffen, spørje om noko på kontoret o.l Sortering etter form +farge 	<ul style="list-style-type: none"> Sortering i kategoriar ift tal, storleik/farge/form/eigenskap

DOKUMENTASJON:

SLIK SYNLEGGJER VI DET VI GJER:



Bilete:

Alle avdelingane har eige digitalt fotoapparat og mobiltelefon som dei brukar i kvardagen på avdelinga, inne og ute, på tur, i lek, og ved særskilde opplevingar. Både dei største barna og alle tilsette skal meistre å bruke digitale fotoapparat i barnehagen og få vere med å dokumentere barna sin barnehagekvardag. Bilda vert hengd opp på avdelinga, limt i barna sine permar og lagt ut på barnehagen si heimeside. I barnehagen sine våtgarderobar, heng det skjermar som bileter vert vist av og til



Photostory:

Vi viser photostory (bildehistorier) med digitale bilder på pc m/videokanon på foreldremøte, personalmøte og ved sosiale samankomstar i barnehagen



Video:

Av barn med særskilde behov, for å dokumentere trening/ særskilde tiltak og verknad av desse

Opptak av barn med særskilde behov vert brukt innad i barnehagen, med barna sine foreldre og samarbeidspartar som t.d. PPT, fysioterapeut...



Permen min:

Kvart barn har sin eigen perm i barnehagen. Der samlar vi bilete, teikningar, "gullkorn" o.a. frå barnet sin barnehagekvardag. Permen følger barna frå dei startar i barnhagen til dei sluttar - då får dei permen med seg som eit minne. Undervegs er permen mykje brukt av barna sjølve, og dei kan ta den med seg heim for å vise foreldra.



Dagsreferat:

Kort oppsummering av dagen, med evt. bilder og litt tekst



Månadsplan/månadsoppsummering

Oversikt over aktivitetar på avdelingane, og vurdering av desse



Observasjonar som førebuing til foreldresamtalar



Utstilling av barna sine produkt og prosess på avdelingane

VURDERING:

SLIK VURDERER VI:

Kva skal vurderast?	Korleis? Bruk av vurderingsverktøy	Når?	Ansvarleg for gjennomføring + samanfating	Kven skal vurdere?	Korleis formidle resultat? Korleis bruke resultat?
Tilvenjing	Radar	3-4 veker etter oppstart	Styrrar	Foreldre til nye barn	Tilbakemelding på personalmøte – kva fungerte?-endringar? Evt ta med til foreldresamtalane. Heimesida vår
-----”-----	Munnleg/skriftleg tilbakemelding	5-6 veker etter oppstart	Styrrar	Ped.leiar i lag med personalet	Tilbakemelding på pers.møte Gjere evt endringar i plan til neste år
Foreldresamtalar	Eige evaluerings skjema	2 gonger i året - etter kvar einskild samtale	Ped.leiar	Foreldre som har hatt samtale	Ped.leiarmøte + avd.møte Heimesida vår Gjere evt korrigeringar på avd i høve tilbakemeldingar
Jule-kaffe:	Eige skjema	Innan 1 v etterpå	Alle avd	Tilsette	Skriftleg oppsummering til avd. Notere endringar som bør gjerast til neste år
Lucia	Eige skjema	Innan 1 v etterpå	Alle avd	Tilsette	Skriftleg oppsummering til avd. Notere endringar som bør gjerast til neste år
Nissefest	Eige skjema	Innan 1 v etterpå	Alle avd.	Tilsette	Skriftleg oppsummering til avd Notere endringar som bør gjerast til neste år
Karneval	Eige skjema	Innan 1 v etterpå	Alle avd.	Tilsette	Skriftleg oppsummering til avd Notere endringar som bør gjerast til neste år

VURDERING:

SLIK VURDERER VI:

Kva skal vurderast?	Korleis? Bruk av vurderingsverktøy	Når?	Ansvarleg for gjennomføring + samanfating	Kven skal vurdere?	Korleis bruke og formidle resultat?
Påske-kaffe	Eige skjema	Innan 1 v etterpå	Alle avd.	Tilsette	Skriftleg oppsummering til avd Notere endringar som bør gjerast til neste år
Sommarfest	Eige skjema	Innen 1 v etterpå	Alle avd.	Tilsette	Skriftleg oppsummering til avd Notere endringar som bør gjerast til neste år
Sommaropen bhg	Eige skjema	Innan oppstart av nytt bhg.år	Ansvarleg pedagog	Tilsette som var med	
Barnehagetilbodet	Digitalt skjema gjennom Udir.	Nov kvart år.	Styrrar	Foreldra	Heimesida vår Gjere evt korrigeringar i bhg i høve tilbakemedingar
Brannøving	Eige skjema	etter kvar brannøving	Brannvernleiar	Brannvernleiar	Gjennomgå avvik på pers.møte/gjere evt endringar

Mykje vurdering skjer også i det daglege - HER OG NO - på bakgrunn av erfaringar og observasjonar vi gjer oss i samspel med både barn, foreldre og tilsette.

Møta våre (avdelingsmøter, avdelingsleiar møter, personamøter og planleggings dagar) er også ein areana der vi evaluere og reflektere rundt praksisen vår i barnehagen

OVERGANG BARNEHAGE - SKULE:

I Lindås kommune er det utarbeidd egne rutinar for overgang barnehage - skule.

Her kan nemnast:

- **Innskriving av nye elevar i februar på skulen**
- **Skriftleg dokumentoverføring frå bhg -skule innan 15.mai:**
 - Vert tatt opp på foreldresamtalen på våren. Tema er barnet sin trivsel og utvikling generelt, med særskilt fokus på omgrep og tal, og språk ut i frå utfylt TRAS-skjema.
 - Aktuell info å sende til skulen før skulestart:
 - * utfylt TRAS-skjema (viser barnet si språkutvikling)
 - * eige skjema om barnet si generelle utvikling, interesser...
 - Foreldre må samtykkje på eige skjema før info overførast. Ein kan også reservere seg mot overføring av informasjon.
- **Førskule/SFO - 1-2 dagar på skulen - innan 15.juni:**
 - barna møte fadderane og bli kjende m/lærar, skulebygget, uteområdet, rutinar...

Barn med særskilde behov har eiga oppfølging/plan i høve overgang frå barnehage til skule

I tillegg har styrar og rektor samtaler undervegs i året ift behov i førskulegruppa

I tillegg til desse rutinane, har barnehagen gjort egne avtalar med skulen i høve førskuleborna. Førskuleborna har m.a. vore på besøk på skulen nokre timar 1 gong i månaden frå nyttår og fram til sommaren. Dei har også møttest i Hjorteskogen på tur med jamne mellomrom.

Førskulebarna skal m.a. øve seg på:

- Sosial kompetanse (ta ordet, turtaking, ta imot ein felles beskjed, sjå andre sitt perspektiv....)
- Sjølvhjelpstrening (t.d. halde orden på egedelane sine, meistre daglege gjeremål, gje hjelp til andre som treng det)
- Rom/tal/form (lære om geometriske former, jobbe med tallrekka/teljing)
- Språk/tekst/kommunikasjon (leik med bokstavar, øve på å skrive namnet sitt, leik med rim og regler)
- * Mengde og tal (større/mindre, fleire/færre en,

GOD HELSE OG SUNT KOSTHALD:

- **Frukost i barnehagen:**

Alle som vil ete frukost i barnehagen, får smørjefrukost her. Frukosttid frå 07.30 - 08.30 (liten avd) /08.45 (stor avd)

- **Kvardagsmaten vår:**

Barnehagen har 2-3 smørjemåltid kvar dag.

Her får barna servert ”vanleg” sunt pålegg og grovt brød/knekkebrød. Barna skal også ha tilgang på oppdelte grønnsaker som t.d. agurk og paprika. Drikke er mjølk eller vatn.

Vi har ikkje syltetøy som kvardagspålegg.

- **Fruktmåltid:**

Barna får servert frukt kvar dag ca kl 14/14.30. I tillegg får dei tilbod om knekkebrød/skive med enkelt pålegg på. Mange foreldre vel også å sende med barna yoghurt, som dei et då. Slik får dei jamlege måltid gjennom heile dagen, og energi til leik og aktivitet.

- **Varmlunsj:**

1-2 dagar i veka, der eit av varmmåltida er eit «enklare» måltid som t.d. suppe el.l.

- **Bursdagsfeiring:**

”Kakefesten” på bursdagsfeiringane i barnehagen sløyfa vi for mange år sidan. Vi ynskjer også her å fremje eit sunt kosthald.

I dag lagar vi ulike variantar av frukt til bursdagsmat.

Barnehagen ordnar sjølv med maten, så de som foreldre treng ikkje å tenkje på noko i så måte. Barnet el de som foreldre vel sjølv ut frå ein bursdagsmeny med ulike alternativ.

- **Fiskesprell:**

Seim barnehage er ein ”Fiskesprell”- barnehage.

Det vil sei at vi vektlegg å bruke mykje fisk og fiskeprodukt i måltida våre, både som pålegg og som varmlunsj.

Avdelingane har bestemt at dei i stor grad skal ha fisk i ulike variasjonar til varmlunsj dette året, og er stadig på ”jakt” etter nye, gode oppskrifter

4 tilsette har vore på ”Fiskesprell”-kurs og fått mykje kunnskap og inspirasjon, som dei har spreidd godt utover heile barnehg. Målet vårt er at ungane skal bli gla i fisk!

- **Ramma rundt måltida våre:**

Ei sær viktig målsetjing er å skape kos og hygge rundt alle måltida våre. Mat skal vere forbunde med noko positivt og sosialt.

Dei vaksne skal :

- skape hygge ved bordet, t.d. tenne lys i vinterhalvåret
- sørgje for at pålegget er innbydande til ei kvar tid
- la barna sjølv få velje pålegg
- sitje saman med barna rundt bordet
- oppfordre barna til å hjelpe og sende til kvarandre
- fremje god bordskikk - vi syng før maten, takkar for maten når vi er ferdige, ventar litt til andre er ferdige å ete, ryddar av kopp/fat/kniv før vi går frå bordet
- hjelpe barn som treng det, slik at dei etter kvart kan meistre sjølv
- samtale med barna
- vere nær og ha TID

AKTIVITETAR OG TRADISJONAR I SEIM BARNEHAGE:

Aktivitetar:	Innhald:	Deltakarar:	Informasjon
Samlingar	Samling/sangstund. Temaarbeid, sang og musikk, rim og regler, forteljing/høglesing, samtale	Alle på avdelinga saman eller i mindre grupper	
Turgrupper	Tur med ei gruppe barn kvar veke	Ei gruppe barn. Dei 3 store avd har turgrupper. Faste eller rullerande	Månadsplan/brev Elles munnleg ved henting/bringning
Bursdagsfeiring	Samling der bursdagsbarnet er i fokus. Vi lagar noko godt av frukt, som bursdagsbarnet sjølv har vald. Vi lagar krone og heisar flagg.	Alle på avdelinga	
Leikegrupper	Stimulere til kreativ leik, utvikle sosial kompetanse og legge til rette for at alle får leikekameratar og meistrar det sosiale samspelet	Mindre grupper av barn	
Språkgrupper	Spel, leikar og aktivitet med fokus på språk og språkutvikling	Små grupper på 2-4 barn	
Juleførebuing	Aktivitetar med fokus på ro, stemning og glede. Førebuing til jul. Formingsaktivitetar og formidling av det kristne julebodskapet.	Alle barna	Månadsplan/brev des.
Jule-kaffe	Vi inviterer til ein enkel foreldre-kaffe på avdelinga ein ettermiddag i desember.	Alle barn, foreldre, sysken og evt andre.	Månadsplan/brev i nov/des
Lucia	Førskuleungane går i Lucia-tog for resten av barnehagen på føremiddagen. Spandere lussekattar og syng Lucia-songen.	For barn og tilsette i barnehagen.	Månadsplan/brev i des.
Nissefest	Borna kler seg ut som små nissar i raude kle. Nissefestsamling. Vi et graut og får besøk av nissen etterpå	For alle barna, også dei som ikkje har dag	
Karneval	Vi kler oss ut og lagar til fest og moro	For alle borna, også dei som ikkje har dag	Månadsplan/brev i feb + eigen invitasjon

AKTIVITETAR OG TRADISJONAR I SEIM BARNEHAGE:

Aktivitatar:	Innhald:	Deltakarar:	Informasjon
Påskeførebuing	Fokus på norske påsketradisjonar og formidling av det kristne påskebodskapen	Alle barna, avdelingsvis - felles og/eller delt i grupper	Månadsplan/brev i mars
Påske-kaffe	Vi inviterer til ein enkel foreldrekafe på ettermiddagen før påske.	Alle barn, foreldre, sysken og evt andre.	Invitasjon til foreldre og sysken
17. mai markering	Vi førebur dagen saman med borna. Øver på songar, barnehagen sitt "heia-rop", gå i tog. 6-åringane får vere "rosaruss" med huer og russekort. Foreldrerådsleiar er ansvarleg for fana.	Alle	
Førskuletur	Avslutningstur for førskuleborna før dei sluttar i barnehagen	Førskulebarna	Informasjon kjem før turen
Sommarfest	Ein ettermiddag i juni inviterer vi til sommarfest i barnehagen, der alle foreldre tek med seg litt mat og vi dekkar ute til "korgafest"	Alle barn, foreldre, sysken og evt. andre	Invitasjon til foreldre og sysken

[KJEKT Å VITE SOM FORELDRE:]

Henting/bringing:

- ⇒ dette er den viktigaste kontakten mellom foreldre og barnehage
- ⇒ flott om du har litt tid når du hentar/leverer for å gje og få informasjon ved behov og slå av ein liten prat.....
- ⇒ sei alltid “ha det” til barnet før du går
- ⇒ gje melding til personalet om andre enn foreldra skal hente

Informasjon/ting du vil ta opp med personalet:

- ⇒ har du spørsmål, er bekymra over forhold som gjeld barnet ditt, er usamd i noko barnehagen har gjort, ynskjer du å kome med ris eller ros m.m - snakk med personalet om dette, enten ved å be om ein “5-minuttar “v/bringing eller henting, eller på foreldresamtale - alt etter kva du har behov for.

Kle og sko:

- ⇒ kle barnet slik at det kan leike og vere i aktivitet inne og ute til ei kvar tid
 - ⇒ pass på at barnet har ekstra kleskift i barnehagen—tilpassa årstid
 - ⇒ kle og sko bør merkast
 - ⇒ barnet bør ha innesko (sandalar/tøfler)
 - ⇒ hald orden i barnet si hylle/kuv
 - ⇒ vask jamleg regnkle, utedress, vottar når desse er mykje i bruk
 - ⇒ sjekk regelmessig at dress og regnbukse har strikk til å ha under skoa og at dei er heile og i god stand
- Det er ikkje kjekt å vere ute når ein er våt og kald.....

Sjukdom :

- ⇒ har barnet dårleg allmenntilstand, skal det ikkje vere i barnehg.
- ⇒ kan ikkje barnet vere ute, skal det som hovudregel haldast heime
- ⇒ sjå utdjupande retningslinjer ift sjukdom i hefte “Sjuke barn i barnehagen” som er utarbeidd av bhg
- ⇒ er du i tvil - rådfør deg med personalet

Barn som har redusert barnehageplass :

- ⇒ aktivitetar i barnehagen på dagar barnet har fri, kan de i utg.pkt ikkje rekne med at barnet dykkar få delta på
- ⇒ ved nokre høve kan barnet vere med dersom de som foreldre er saman med barnet
- ⇒ karneval og nissefest vert alle barna invitert til - også dei som evt har fridag
- ⇒ v/ julefrukost, påskefrukost og sommarfest er barn som har fridag hjarteleg velkomne saman med foreldre eller andre vaksne

Tilvenning:

- ⇒ det er viktig at barna får bli kjende med barnehagen i lag med foreldra
- ⇒ det vert gjeve ut eige skriv om tilvenjing til foreldra før barnet byrjar i barnehagen
- ⇒ barnehagen har utarbeidd eigne retningslinjer for tilvenjinga, for å sikre at den blir best mogeleg for alle barn og foreldre
- ⇒ både foreldra og dei tilsette skal evaluere tilvenjingsperioden når den er over, på eigne skjema